Statens forurensningstilsyn
Norwegian Pollution Control Authority

INFORMASJON

TA-2314
2007

Opprydding i forureina overflatejord i barnehagar

Utslepp frå tidlegare tiders aktivitetar har ført til forureining av jorda mange stader i Noreg. Opprydding i slike gamle forureiningar har vore i gang i fleire tiår allereie. Arbeidet har så langt vore konsentrert om dei mest forureina eigedomane. Regjeringa ønskjer no i tillegg å gjere ein spesiell innsats for å verne barn. Formålet med dette arbeidet er å redusere miljøgiftbelastninga på barna.



Foto: SFT

Barn og miljøgifter
Barn er meir sårbare for forureining enn vaksne fordi dei ikkje er ferdig utvaksne og alle organ ikkje er ferdig utvikla. Små barn kan ofte ete jord, suge på skitne fingrar og har ofte hudkontakt med forureina jord når dei leikar. Dei tek inn meir miljøgifter i forhold til kroppsvekt enn vaksne. Generelt kan vi seie at dess tidlegare barn blir eksponert for miljøgifter, dess større konsekvensar kan det få for helsa.

Konsentrasjonane som er målte på uteleikeområde til barn i Noreg, blir likevel ikkje vurderte som farlege, men som tilleggsbelastningar som bør unngåast.

Vi forventar derfor ikkje å finne konsentrasjonar av stoff i jorda som medfører akutt helsefare for barna, men miljøvernstyresmaktene ønskjer å redusere den totale eksponeringa menneske blir utsette for gjennom eit heilt livsløp.

Regjeringa har derfor valt å utarbeide ein handlingsplan for opprydding i forureina overflatejord i barnehagar og

på leikeplassar. Statens forureiningstilsyn (SFT) skal sørgje for gjennomføringa av handlingsplanen i samarbeid med dei kommunane det gjeld.

Utfordringane
I Noreg har vi rundt 40 000 leikeplassar, inkludert i overkant av 6000 barnehagar. Målingar har vist at i dei største byane og i dei mest utsette industristadene der grunnen jamt over er forureina, finn vi også forhøgde verdiar av bly, PAH og arsen i mange barnehagar og leikeplassar.

Kjeldene er industriforureining, forureining frå trafikk, generell verksemd i byar eller at det er brukt forureina fyllmassar. Nokre stader finn vi også forhøgde verdiar av PCB og kvikksølv. På industristader vil vi i tillegg kunne finne dei stoffa den lokale industrien har sloppe ut.

Alle barnehagar og leikeplassar med CCA(kobbar, krom og arsen)-impregnerte leikeinstallasjonar, vil i tillegg ha arsenforureining i jorda rundt installasjonane. Av desse leikeinstallasjonane utgjer CCA-impregnerte kantstokkar rundt sandbasseng det største potensielle problemet for barna.

Undersøkjer ti byar og fem store industriområde
Rundt ein tredjedel av befolkninga i Noreg bur i dei ti største byane og på fem utvalde store industriområde. Dei fleste av uteleikeområda som inneheld forureining i grunnen, vil truleg vere i desse byane og industristadene. Derfor skal det gjennomførast undersøkingar av overflatejorda i barnehagar og på leikeplassar i desse byane og industriområda innan utgangen av 2008. Dette vil omfatte rundt 2000 barnehagar.

Ti største byar		Fem store industristader
Oslo	Fredrikstad	Mo i Rana
Bergen	Drammen	Årdal
Trondheim	Tromsø	Odda
Stavanger	Sandnes	Porsgrunn
Kristiansand	Sarpsborg	Kirkenes

Nødvendig opprydding innan 2010
Innan sommaren 2010 skal undersøkingane følgjast opp med opprydding av forureina overflatejord der det er nødvendig og utskifting av CCA-impregnerte kantstokkar rundt sandbasseng.

Kven skal sørgje for undersøkingar og eventuell opprydding?
Det er den ansvarlege (for eksempel forureinar, grunneigar eller barnehageeigar) som skal sørgje for at det ikkje er forureina jord som kan føre til helse- eller miljøskadar i barnehagane. Ta direkte kontakt med kommunen dersom du ønskjer nærmare informasjon om konkrete arbeid.

Dei totale kostnadene for undersøkingar og opprydding er utrekna til 200–250 millionar kronar i perioden 2006–2010.

Les meir om arbeidet:
www.sft.no/forurensetgrunn

Statens forureiningstilsyn
Postboks 8100 Dep
0032 Oslo
Gjestingsadresse: Strømsveien 96

Telefon: 22 57 34 00
Telefaks: 22 67 67 06
E-post: postmottak@sft.no
internett: www.sft.no